



Vår ref.

13/1596/033/BEOS/70258820

Dato:

07.04.2015

Årsmelding 2014 - Eldrerådet i Norddal kommune

Eldrerådet sine medlemmer og varamedlemmer for perioden 2011-2015:

Politisk valde:

Unn Linge Valdal

Personleg vara:

Harald Fossheim

Eldrerepresentantar:

Svein Vidar Normann, leiar (F/V P.lag)

”

Mons Heggen (F/V P.lag)

Dagny Lovise Eide, nestleiar (K P.lag)

”

Anne Sofie Aarset (K P.lag)

Ellinor Ruset (F/V P.lag)

”

Synnøve Rem (F/V P.lag)

Harald Storås (K P.lag)

”

Marie Rønneberg (K P.lag)

Eldrerådet er eit lovfesta organ som skal ha til handsaming alle saker som er til politisk handsaming i kommunen, og som gjeld levekåra for dei eldre. Dei har også høve til på eige initiativ å ta opp saker til drøfting og ev. uttale.

Bente Klakken Osvik, konsulent ved servicetorget, har vore sekretær for eldrerådet. I 2014 har rådet hatt 6 møter og hatt

- 26 saker til behandling
- 8 uttalar
- 11 orienterings-/drøftingssaker

Av saker som har vore handsama/orientert om el. drøfta i rådet, vert nemnd:

- Strategidokument for pleie og omsorg 2014-2017
- Vurdering av kraftsenteret
- Brukarutval
- Samhandlingsreforma
- Helsetransporttenesta
- Språkopplæring til tilsette
- Budsjet 2015 – Økonomiplan 2015-2018
- Betalingsattsar for pleie og omsorg 2015

Saka om helsetransporttenesta har medført mye arbeid for eitt av medlemmane i rådet.

Noe vedkommende skal ha stor honør for.

Tre av medlemmane var på fylkeskonferanse i Molde i regi av fylkesrådet.

To av medlemmane var på konferanse i Ålesund i regi av fylkeslaget av Pensjonisforbundet.

Eldrerådet i fylket hadde sitt haustmøte her i kommunen. Fungerande ordfører og rådmannen orienterte om kommunen og tilbudet til dei eldre. To av medlemmane i det kommunale eldrerådet var tilstades under heile møtet. Fylkeseldrerådet gav ros til det kommunale eldrerådet for stor aktivitet. Same dag var andre medlemmar i rådet med på å arrangere den årlege eldredagen i Eidsdal.

Eldrerådet har hatt godt samarbeid med pensjonistlaga i kommunen og Pårørande- og brukarforeininga for omsorgstenestene i Norddal.

Rådet har 2 representantar i styringsgruppa for Den kulturelle spaserstokk i kommunen.

Rådet ønskjer å bli tatt meir på alvor – mellom anna at rådet får kome tidlegare inn i behandlingsprosesser. Rådet oppfordrar kommunen til ikkje å byggje ytterligere ned tilbudet til eldre – enten dei bor på institusjon, omsorgsbustader eller i sine egne heimar.

Svein Vidar Normann
leiar

Bente Klakken Osvik
konsulent/sekretær